

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 54



JORDBRUKSSTATISTIKK 1960

Agricultural Statistics 1960

STATISTISK SENTRALBYRA

OSLO 1961

Noregs offisielle statistikk, rekkje XII

Norway's Official Statistics, series XII

Rekkje XII

Prenta 1960

- Nr. 21 Skogbruksstillingen i Norge 1. september 1957 II Oversikt *Census of forestry II General survey*
- 22 Kommunevalgene og ordførervalgene 1959 *Elections in the rural and town municipalities*
- 23 Folkemengdens bevegelse 1958 *Vital statistics and migration statistics*
- 24 Statistisk årbok 1960 *Statistical yearbook of Norway*
- 25 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1958 *Medical statistical report*
- 26 Alkoholstatistikk 1959 *Alcohol statistics*
- 27 Norges handel 1958 II *Foreign trade of Norway II*
- 28 Norges jernbaner 1958—59 *Chemins de fer norvégiens*
- 29 Norges bergverksdrift 1959 *Norway's mining industry*
- 30 Elektrisitetsstatistikk 1958 *Electricity statistics*
- 31 Norges industri 1958 *Industrial production statistics*

Rekkje XII

Prenta 1961

- Nr. 32 Økonomisk utsyn over året 1960 *Economic survey*
- 33 Ulykkestrygden for industriarbeidere m. v. 1955—1956 *Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*
- 34 Samferdselsstatistikk 1960 *Transport and communication statistics*
- 35 Norges handel 1959 I *Foreign trade of Norway I*
- 36 Telegrafverket 1959—60 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 37 Meieribruket i Noreg 1959 *Norway's dairy industry*
- 38 Skattestatistikk 1958 *Tax statistics*
- 39 Sinnsykehusenes virksomhet 1958 *Hospitals for mental disease*
- 40 Jordbrukssteljinga i Noreg 20. juni 1959 I Areal, husdyrhald m. m. *Census of agriculture I Land area, livestock etc.*
- 41 Forsikringselskaper 1959 *Sociétés d'assurances*
- 42 Norges kommunale finanser 1957—58 og 1958—59 *Municipal finances*
- 43 Norges postverk 1960 *Statistique postale*
- 44 Veterinærvesenet 1957 *Service vétérinaire*
- 45 Kredittmarkedstatistikk 1959 *Credit market statistics*
- 46 Jordbruksstatistikk 1959 *Agricultural statistics*
- 47 Elektrisitetsstatistikk 1959 *Electricity statistics*
- 48 Kriminalstatistikk 1959 *Criminal statistics*
- 49 Folkemengdens bevegelse 1959 *Vital statistics and migration statistics*
- 50 Norges jernbaner 1959—60 *Chemins de fer norvégiens*
- 51 Norges handel 1959 II *Foreign trade of Norway II*
- 52 Statistisk årbok 1961 *Statistical yearbook of Norway*
- 53 Jordbrukssteljinga i Noreg 20. juni 1959 II Maskinar og reiskapar m. m. *Census of agriculture II Machinery and implements etc.*
- 54 Jordbruksstatistikk 1960 *Agricultural statistics*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 54



JORDBRUKSSTATISTIKK 1960

Agricultural Statistics 1960

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1961

Utkomi før :

Representativ landbrukstelling 1923 VII nr. 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII nr. 153, 1925 VII nr. 183, 1926 VIII nr. 28, 1927 VIII nr. 39, 1928 VIII nr. 77, 1930 VIII nr. 140, 1931 VIII nr. 166, 1932 VIII nr. 194, 1933 IX nr. 16, 1934 IX nr. 43, 1935 IX nr. 71, 1936 IX nr. 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX nr. 132, 1938 IX nr. 159, 1939—1944 X nr. 99, 1945 X nr. 117, 1946 X nr. 148, 1947 X nr. 161, 1948 X nr. 195, 1949 XI nr. 44, 1950 XI nr. 69, 1951 XI nr. 108, 1952 XI nr. 127, 1953 XI nr. 176, 1954 XI nr. 202, 1955 XI nr. 235, 1956 XI nr. 276, 1957 XI nr. 308, 1958 XI nr. 341, 1959 XII nr. 46.

Jordbrukstelingen i Norge 1949:

- Første hefte. Areal, husdyrholdet m. v. XI nr. 40.
- Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI nr. 71.
- Tredje » De naturlige jordbruksområder XI nr. 87.
- Fjerde » Oversikt XI nr. 103.

Jordbruksteljinga i Noreg 1959:

Første hefte. Areal, husdyrhald m. m. XII nr. 40.

Annet » Maskinar og reiskapar m. m. XII. nr. 53.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde jordbruksteljingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemna meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av særskilde etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII nr. 98.

» » 1946/47 XI nr. 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX nr. 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX nr. 65.

» » 1936 IX nr. 115.

» » 1946 X nr. 151.

Beitetellingen 1935 IX nr. 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X nr. 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX nr. 18.

Bøndenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X nr. 183.

Føreord

Dette heftet inneheld resultatata frå ei utvalsteljing pr. 20. juni 1960. Omframnt oppgåver over areal og husdyrhald, vart det også innhenta oppgåver over husdyrproduksjonen. Ein har også med resultatata frå ei særskild husdyrteljing pr. 31. desember 1960.

I dette heftet vil ein elles finna opplysningar om avlingane i jord- og hagebruk, slakt til sal og eige bruk, fjøskontrollen og om løner og prisar.

Frå og med året 1959 nyttar ein i jordbruksstatistikken oppgåver for bygder og byar under eitt, medan dei tidlegare oppgåvene vanlegast berre gjeld bygdene, medrekna dei tidlegare herada Aker, Jeløy og Skåre, dersom ikkje anna er nemnt. I oppgåvene for 1959 og 1960 er Oslo rekna saman med Akershus fylke og Bergen saman med Hordaland fylke.

Konsulent Alfred Gustafson har stått for arbeidet med statistikken og har utarbeidd manuskriptet.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 30. august 1961.

Signy Arctander.

Arne L. Aaseth.

Preface

This publication contains the results from a sample survey, June 20, 1960. In addition to the statistics on area and livestock, data were also collected on livestock production. The publication also gives the results from a special census of domestic animals, December 31, 1960.

This volume also contains statistics on the production in agriculture and horticulture, on the number of slaughters for sale and for domestic use, on the reports of the milk recording associations and on wages and prices.

Beginning 1959, the statistics in the publication «Agricultural Statistics» refer to both rural districts and towns as a whole, whereas previous data generally refer only to the rural districts. In the statistics for 1959 and 1960 Oslo has been counted together with the county of Akershus, and Bergen with the county of Hordaland.

The statistics have been prepared under the supervision of Mr. Alfred Gustafson, who has also written the survey.

Central Bureau of Statistics, Oslo, August 30, 1961.

Signy Arctander.

Arne L. Aaseth.

Innhald

Oversyn.	Side
Det statistiske materialet	7
Samla areal i landet	7
Talet på bruk	9
Jord- og hagebruk	10
Jordbruksarealet	10
Nydyrking	12
Avlingane i jordbruket	13
Avlingane i hagebruket	16
Husdyrhaldet	20
Talet på husdyr	20
Husdyrproduksjon	23
Driftsmiddel	48
Løner i jordbruk og skogbruk	53
Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m.v.	56
T a b e l l a r.	
I. Landarealet etter bruken	69
II. Bruka etter jordbruksarealet. Jordbruksteljinga 20. juni 1959	69
III. Talet på bruk etter buskapsstorleik. Jordbruksteljinga 20. juni 1959	70
IV. Jordbruksarealet 1960. Dekar	74
V. Talet på husdyr pr. 20. juni 1960	76
VI. Avlinga i jordbruket 1960	78
VII. Avlinga i hagebruket 1960	82
VIII. Husdyrhaldet 20. juni 1959—20. juni 1960	84
IX. Slakt til sal og eige forbruk 1959—60	86
X. Produksjon av kumjolk 1959—60	87
XI. Produksjon av geitmjolk og egg 1959—60	89
XII. Oppgåver frå fjøskontroll-laga 1905—1960	90
XIII. Løner i jordbruk og skogbruk 1960—61	91
V e d l e g g.	
Rundskriv og skjema	92

Contents

	Page
General survey.	
The statistical material	7
The total area	7
Number of holdings	9
Agriculture and horticulture	10
Agricultural area	10
New cultivation	12
Production, agricultural	13
Production, horticultural	16
Livestock	20
Number of domestic animals	20
Production	23
Means of production	48
Wages in agriculture and forestry	53
Prices of agricultural products, means of production etc.	56
 T a b l e s.	
I. Total areal by use	69
II. Number of holdings by size of agricultural area	69
III. Number of holdings by size of livestock	70
IV. Agricultural area 1960. Decares.	74
V. Number of domestic animals, June 20, 1960	76
VI. Agricultural crops 1960	78
VII. Horticultural crops 1960	82
VIII. Rearing of livestock, June 20, 1959—June 20, 1960	84
IX. Slaughter for sale and own use 1959—60	86
X. Production of cow milk 1959—60	87
XI. Production of goat milk and hen eggs 1959—60	89
XII. Milk account associations 1905—1960	90
XIII. Wages in agriculture and forestry 1960—61	91
 A p p e n d i c e s.	
Circulars and questionnaires	92

Oversyn

Det statistiske materialet

Utvalsteljinga for jordbruket pr. 20. juni 1960 vart halden etter liknande retningsliner som teljingane i åra 1950—1958.

Teljinga femna om lag 21 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal. I utvalet var alle herad og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1959. Innan kvar bruksklasse var bruka tekne ut tilfeldig, men såleis at bruk som var med i utvalet for 1950—1958, ikkje kom med i det nye utvalet.

Utvalet skulle femna 10 prosent av bruka med 5,1—100 dekar jordbruksareal og 20 prosent av bruka med over 100 dekar. Etter dette skulle 21 866 bruk vera med i teljinga. I alt kom det inn oppgåver frå 21 345 bruk.

Før ein rekna ut totaltal, vart materialet gjort «sjølvvegande» på den måten at summene for bruk med over 100 dekar jordbruksareal vart reduserte. Tabell 1 viser korleis dei ymse bruksklassar, areal og dyreslag var representerte.

I høve til alle bruk over 5 dekar dekte teljinga 10,8 prosent av bruka og 13,3 prosent av jordbruksarealet, vel 15 prosent av åker og hage og over 16 prosent av kornarealet; vidare 10—11 prosent av talet på geit og sau, om lag 12 prosent av hestar, storfe og høner og 13,7 prosent av talet på svin. Dei reduserte tala representerte nær 10 prosent av dei fleste teljingsobjekta.

For bruk med over 5 dekar jordbruksareal vart det rekna ut totaltal for dei einskilde fylke på grunnlag av dei relative endringane i areal- og husdyrhald frå 1959 til 1960. Deretter vart det gjort tillegg for bruk inntil 5 dekar.

I samband med oppgåvene over areal og husdyrhald i 1960 vart det henta inn oppgåver over husdyrproduksjonen. Omfanget av desse oppgåvene og utrekningmåten er nærare omtala i kapitlet om husdyrprodukta (side 23).

Skjema og rettleiing for teljinga er prenta som vedlegg bak i boka.

Samla areal i landet

Tabell 2 gjev eit oversyn over samla areal i landet etter oppgåver frå skogbruksteljinga i 1957 og jordbruksteljinga i 1959 og ymse andre kjelder. Tabell I bak i boka viser desse tala fylkesvis.

Tabell 1. Undersøkte bruk i prosent av alle bruk.

	Alle bruk i 1959		Undersøkte bruk			
			Ikkje reduserte		Reduserte	
	Inntil 5 da.	Over 5 da.	Tal	Pct. av alle bruk over 5 da.	Tal	Pct. av alle bruk over 5 da.
Talet på bruk:						
I alt	235 605	198 315	21 345	10,8	19 391	9,8
Etter storleik:						
5,1— 20 dekar	—	60 303	5 955	9,9	5 955	9,9
20,1— 50 »	—	75 527	7 384	9,8	7 384	9,8
50,1—100 »	—	42 126	4 098	9,7	4 098	9,7
over 100 »	—	20 359	3 908	19,2	1 954	9,6
Areal:	Dekar	Dekar	Dekar		Dekar	
Korn og ertre	3 808	177 872	353 686	16,2	211 994	9,7
Grønfor	713	113 396	12 657	11,2	11 258	9,9
Poteter	26 883	525 595	70 549	13,4	51 711	9,8
Rotvokstrar og førmergkål ..	344	151 465	21 951	14,5	14 676	9,7
Grønsaker på friland	5 256	49 229	6 805	13,8	4 812	9,8
Anna åker- og hageareal ...	175 098	249 114	32 242	12,9	24 565	9,9
Åker- og hageareal i alt	212 102	3 266 671	497 890	15,2	319 016	9,8
Eng til slått, fulldyrka	34 239	4 268 786	516 135	12,1	411 903	9,6
Eng til slått, natureng og overfl.dyrka	13 554	749 942	78 288	10,4	72 048	9,6
Kultarbeite	2 507	1 559 398	215 647	13,8	151 297	9,7
Eng, ikkje nytta	8 486	185 976	22 716	12,2	17 789	9,6
Jordbruksareal i alt	270 888	10 030 773	1 330 676	13,3	972 053	9,7
Av dette: Fulldyrka	251 181	8 142 156	1 102 084	13,5	789 362	9,7
Husdyrhald:	Tal	Tal	Tal		Tal	
Hestar	1 017	115 798	13 824	11,9	11 251	9,7
Storfe	5 132	1 099 350	136 285	12,4	106 401	9,7
Av desse: Kyr	3 044	594 432	72 614	12,2	57 461	9,7
Sauer	55 051	1 750 985	196 261	11,2	173 118	9,9
Geiter	1 731	99 163	10 003	10,1	9 356	9,4
Svin	39 818	435 245	59 671	13,7	43 618	10,0
Vaksne høner	342 143	2 668 394	320 908	12,0	254 923	9,6

Tabell 2. Samla areal i landet.

	Areal i km ²	Prosent
Fulldyrka jord	8 393,34	2,6
Natureng og overflatedyrka jord	1 908,32	0,6
I alt jordbruksareal	10 301,66	3,2
Produktiv skog (lauvskog over barskoggrensa er med)	70 257,55	21,7
Hagemark og utslåtter	7 501,66	2,3
Myr under skoggrensa	21 128,67	6,5
Anna areal under skoggrensa	47 191,60	14,5
I alt under skoggrensa	156 381,14	48,2
Areal over skoggrensa	152 367,50	47,1
Landareal i alt	308 748,64	95,3
Ferskvatn	15 277,44	4,7
Totalareal	324 026,08	100,0

Talet på bruk

Tabell II bak i boka syner talet på bruk i dei einstilte fylke i 1959. Tabell 3 gjev eit oversyn over kor mange bruk det var som dyrka ymse slag vokstrar eller hadde ymse slag husdyr i 1959, jamført med tidlegare teljingar.

Tabell 3. Talet på bruk med areal av ymse vokstrar, husdyr m.v.

	1939	1949	1959	
	Bygdene ¹	Bygdene ²	Bygdene	Riket
	1000 bruk	1000 bruk	1000 bruk	1000 bruk
Bruk i alt	331,7	336,6	378,3	433,9
Av dette:				
Med inntil 5 dekar	117,3	123,6	181,2	235,6
» over » »	214,4	213,0	197,1	198,3
Med kornareal	150,3	115,9	82,0	82,5
» potetareal	250,2	243,7	231,3	234,3
» grønsakareal	62,1	68,0	70,9
» frukttre, 1—10	102,2	130,2	163,0
» » meir enn 10	84,0	109,1	126,6
Med hest	116,6	131,3	95,8	96,4
» kyr, 1—2	81,7	91,6	62,5	62,7
» » meir enn 2	124,0	112,2	87,7	88,0
» sau	129,2	150,4	109,2	109,4
» geit	27,2	19,3	7,2	7,2
» svin, 1—2	83,9	116,9	69,8	70,1
» » meir enn 2	28,9	34,7	32,1	32,3
» vaksne høns, 1—10	68,9	85,2	45,5	45,7
» » » meir enn 10	73,0	90,8	54,9	55,3

¹ Med Aker og Jeløy. ² Utan Aker og Jeløy.

Nedgangen i talet på bruk som dyrkar dei einstilte vokstrar og talet på buskpar syner at utviklinga går mot meir spesialisert drift. Dei utrekna medeltala over areal pr. bruk med dei einstilte vokstrar og dyr pr. buskpar har såleis gjennomgåande auka mykje frå 1949 til 1959, sjå tabell 4.

Tabell 4. Areal pr. bruk og dyr pr. buskpar.

	Areal i dekar			Talet på dyr	
	1949	1959		1949	1959
Korn og erter til mogning	13,0	26,4	Hest	1,5	1,2
Poteter	2,4	2,4	Ku	3,8	4,0
Grønsaker på friland	0,7	0,8	Sau	11,5	16,5
Rotvokstrar og førmergkål	2,6	2,8	Geit	7,6	14,1
Eng til	Fulldyrka	21,1	Svin	2,7	4,6
slått	dyrka ¹	14,4	Vaksne høns .	21,0	30,0
Kultarbeite	17,4	17,3			

¹ Utslåtter med i 1949.

I samband med utrekningane over husdyrproduksjonen i 1959—60 er det av særleg interesse å sjå nærare på strukturen i husdyrhaldet. Tabell III bak i boka syner talet på bruk med ymse slag husdyr, etter storleiken på buskapan. Frå 1949 til 1959 har talet på buskapar minka for alle dyreslag, både absolutt og i høve til samla brukstal. Delt etter jordbruksarealet var det nedgang i talet på buskapar i alle bruksklassar. Særleg minka buskaps-talet mykje ved dei mindre bruka.

Delt etter buskapsstorleik var det skilnad i utviklinga for dei ymse dyreslag. Talet på bruk med kyr minka for både små og store buskapar, og etter måten mest for buskapar med 2 kyr. For svin var det sterk nedgang i talet på små svinehald, men auke i talet på bruk med meir enn 5 svin, og etter måten mest auke for bruk med meir enn 50. Talet på bruk med inntil 50 høns har gått sterkt ned sidan 1949. Det var liten nedgang for bruk med 51—500 høns, men auke for bruk med meir enn 500 høns. For sau og geit har ein ikkje tal for dei ymse buskapsstorleiker i 1949. Trass i utviklinga mot færre og større buskapar, er det framleis slik at små buskapar utgjør ein stor del av husdyrhaldet i landet.

Jord- og hagebruk

Jordbruksarealet.

Tabell 5 gjev eit oversyn over areala i 1949—1960, og tabell 6 viser meir detaljerte oppgåver for 1960 i høve til 1959. Tabell 7 syner åkerareala fylkesvis i 1960 samanlikna med 1959, og tabell IV bak i boka syner areala i 1960 i dei einskilde fylke.

Kornarealet auka med om lag 2 prosent frå 1959 til 1960. Det var auke for alle kornslaga med unntak av kveite. Det var og noko auke i arealet av poteter og rotvokstrar, men noko nedgang elles i åker- og hagearealet. Samla areal av åker og hage auka med 30 000 dekar eller 1 prosent.

Tabell 5. Bruken av arealet 1949—1960. 1000 dekar.

År	Korn og erter	Grøn-fôr	Poteter	Rot-vokstrar	Grøn-saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt	Eng til slått ¹	Kultur-beite
1949 ²	1 520	164	582	154	43	238	2 701	5 962	1 414
1950	1 568	124	590	166	48	222	2 718	5 904	1 465
1951	1 614	130	585	166	53	235	2 783	5 756	1 564
1952	1 689	119	580	164	62	243	2 857	5 707	1 542
1953	1 744	109	562	173	64	255	2 907	5 673	1 559
1954	1 871	106	545	166	49	276	3 013	5 533	1 585
1955	1 913	112	561	156	60	294	3 096	5 392	1 633
1956	1 993	109	581	156	65	286	3 190	5 318	1 616
1957	2 126	119	552	152	59	278	3 286	5 231	1 622
1958	2 120	118	534	158	56	317	3 303	5 190	1 651
1959 ³	2 182	114	553	152	55	423	3 479	5 067	1 562
1960 ³	2 230	97	568	161	52	401	3 509	5 059	1 567

¹ Seterlykkjer og utslåttar 1949—1958 ikkje rekna med. ² 1949—1958: Bygdene, med Åker og Jeløy. ³ Bygder og byar.

Det var noko nedgang i arealet av natureng og overflatedyrka eng til slått, men arealet av fulldyrka eng auka. Samla areal av fulldyrka jord auka med knapt 50 000 dekar eller 0,6 prosent.

Tabell 6. Bruken av arealet i 1960 samanlikna med 1959.

	Arealet i dekar		Endring 1959—1960	
	1959	1960	I dekar	I pct.
Kveite	92 555	91 441	— 1 114	— 1,2
Rug	10 831	14 483	+ 3 652	+ 33,7
Bygg	1 409 303	1 449 409	+40 106	+ 2,8
Havre	647 043	651 892	+ 4 849	+ 0,8
Blandkorn	20 263	20 747	+ 484	+ 2,4
Erter	1 685	1 813	+ 128	+ 7,5
Korn og erter i alt	2 181 680	2 229 785	+48 105	+ 2,2
Grønfor	114 109	97 084	—17 025	— 14,9
Poteter	552 478	567 852	+15 374	+ 2,8
Førnepe	35 382	35 744	+ 362	+ 1,0
Kålrot	81 514	84 145	+ 2 631	+ 3,2
Førbeite	13 799	16 119	+ 2 320	+ 16,8
Førmergkål	21 114	25 268	+ 4 154	+ 19,7
Rotvokstrar og førmergkål i alt	151 809	161 276	+ 9 467	+ 6,2
Grønsaker	54 485	52 008	— 2 477	— 4,5
Jordbær	8 706	323 583	— 5 606	— 1,8
Bringebær	4 392			
Andre vokstrar på åker og i hage	316 091			
Brakk	95 023	77 362	—17 661	— 18,6
Åker- og hageareal i alt	3 478 773	3 508 950	+30 177	+ 0,9
Eng til slått:				
Fulldyrka	4 303 025	4 317 289	+14 264	+ 0,3
Natureng og overflatedyrka	763 496	742 011	—21 485	— 2,8
Kulturbeite:				
Fulldyrka	560 786	565 347	+ 4 561	+ 0,8
Natureng og overflatedyrka	1 001 119	1 001 148	+ 29	—
Eng, ikkje nytta:				
Fulldyrka	50 753	49 857	— 896	— 1,8
Natureng og overflatedyrka	143 709	147 456	+ 3 747	+ 2,6
Jordbruksareal i alt	10 301 661	10 332 058	+30 397	+ 0,3
Dyrka jord i alt	8 393 337	8 441 443	+48 106	+ 0,6

Tabell 7. Åker- og hagearealet i 1960. Relative tal 1959 = 100.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
Østfold	104,5	106,3	117,4	88,9	104,0
Akershus og Oslo	100,7	108,6	117,5	88,5	101,0
Hedmark	101,4	103,2	108,6	88,6	100,6
Oppland	100,4	108,3	100,0	91,4	100,9
Buskerud	100,7	108,9	107,2	89,6	99,8
Vestfold	106,0	107,1	109,2	95,2	105,2
Telemark	107,0	105,6	105,4	88,0	102,5
Aust-Agder	105,2	111,4	113,3	89,0	102,7
Vest-Agder	106,6	104,8	109,0	93,3	102,5
Rogaland	101,6	98,2	100,0	90,1	98,8
Hordaland og Bergen	97,4	98,5	98,8	102,0	100,2
Sogn og Fjordane	106,1	101,1	94,7	98,4	99,6
Møre og Romsdal	101,0	94,2	109,2	102,4	101,0
Sør-Trøndelag	99,3	99,9	96,9	83,9	98,0
Nord-Trøndelag	103,5	98,5	100,0	85,8	101,4
Nordland	94,7	98,8	96,0	80,1	91,3
Troms	48,9	100,9	93,3	55,5	80,5
Finnmark	—	110,7	130,0	60,4	70,6
I alt	102,2	102,8	106,2	89,6	100,9

Nydyrking.

Etter at tilskotsvilkåra vart brigda i 1952, har nydyrking med statsstønad auka mykje.

Det er og gjevi stønad til grøfting av dyrka jord, og i dei seinare åra har det vori mykje overflatedyrking med stønad, der slik dyrking var meir tenleg enn fulldyrking.

Tabell 8 a. gjev eit oversyn over areal dyrka og grøfta med stønad frå 1949. Tabell 8 b. syner tala for kvart fylke dei siste åra.

Tabell 8 a. Dyrking og grøfting med tilskot og lån 1949—1960.

	Fulldyrka	Overflate- dyrka	Grøfting av tidlegare dyrka jord
	Dekar	Dekar	Dekar
1949.....	32 732	19 403	17 915
1950.....	34 831	27 597	19 626
1951.....	30 823	26 637	15 217
1952.....	33 043	26 055	19 280
1953.....	47 732	30 148	47 976
1954.....	56 212	29 816	64 400
1955.....	60 911	28 187	90 376
1956.....	73 784	28 492	93 108
1957.....	77 992	28 986	76 410
1958.....	81 393	27 082	90 160
1959.....	100 131	25 727	91 610
1960.....	88 716	25 219	68 763

Tabell 8b. Dyrking og grøfting med tilskot og lån. Fylkesvis.

	Fulldyrka		Overflatedyrka		Grøfting av tidlegare dyrka jord	
	1959	1960	1959	1960	1959	1960
	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
Østfold	546	652	21	46	10 898	12 476
Akershus.....	3 998	2 114	49	13	11 644	8 475
Hedmark	12 272	7 537	397	159	10 456	6 283
Oppland	14 817	10 895	1 218	851	5 853	2 470
Buskerud	2 429	2 037	637	380	4 950	3 017
Vestfold	1 047	491	27	7	10 937	5 972
Telemark	1 398	1 129	264	224	5 037	3 176
Aust-Agder.....	985	852	145	139	1 973	1 210
Vest-Agder.....	1 165	1 229	503	418	642	860
Rogaland	3 442	4 513	2 681	3 897	1 819	2 551
Hordaland	2 753	4 035	3 643	3 983	981	1 147
Sogn og fjordane ..	3 196	3 648	3 308	2 907	586	452
Møre og Romsdal..	6 745	7 279	2 169	1 867	2 706	2 397
Sør-Trøndelag ...	7 080	6 670	1 515	1 564	5 264	3 947
Nord-Trøndelag ..	10 867	8 793	1 375	1 137	9 844	6 979
Nordland	11 260	10 708	3 983	4 383	5 757	5 110
Troms	7 736	7 455	3 305	3 042	1 328	1 379
Finnmark	8 395	8 679	487	202	935	862
I alt	100 131	88 716	25 727	25 219	91 610	68 763

Avlingane.

Ved utgangen av kvar månad i tida frå mai til september sender landbruksdirektøren ut meldingar om vokstertilhøva og avlingsvonene for jordbruks- og hagebruksvokstrane. Ved utgangen av september vert det gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. I sume år med sein haust er dette gjort ved utgangen av oktober.

Byrået reknar ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvokstrane etter oppgåver frå jordstyra. For hagebruket byggjer utrekningane på oppgåver frå fylkesgartnarane.

Jordbruket.

Tabell 9 gjev eit oversyn over avlingane sidan 1949, og tabell 10 gjev meir detaljerte oppgåver for 1960. Tabell VI bak i boka syner avlingane fylkesvis i 1960.

Vinteren 1959—60 var etter måten mild, men det var nokre kuldebolkar i januar—februar. Det var lite snø og djup tele i Nord-Noreg, Trøndelag og på Vestlandet. Enga vart mykje skadd i desse landslutene. På Austlandet vart haustsæden skadd, og mykje vart pløgd opp att.

Våren kom tidleg over heile landet, særleg i Nord-Noreg. Det var lagleg ver under våronna.

Tabell 9. Avlinga i jordbruket 1949—1960. 1000 tonn.

År	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Korn og erter i alt ¹	Grøn-fôr	Pote-ter	Rot-voks-trar	Høy i alt	Halm	Fôr-ein-ingar i alt ²
1949....	67,0	2,1	86,1	163,3	329	83	1 099	647	3 060	443	1 977
1950....	66,2	2,5	98,9	179,8	358	65	1 116	724	3 205	515	2 084
1951....	40,1	1,2	122,5	170,2	344	68	1 015	661	2 741	523	1 860
1952....	39,6	1,1	147,9	161,2	358	60	1 187	675	2 962	516	1 999
1953....	38,9	1,4	206,5	179,1	433	58	1 249	913	3 155	574	2 201
1954....	41,2	1,5	223,8	160,6	433	58	1 130	737	3 114	609	2 150
1955....	31,8	1,3	209,5	114,0	362	50	981	597	2 444	402	1 718
1956....	55,9	2,5	297,4	182,3	545	60	1 392	724	2 859	667	2 230
1957....	30,0	1,3	315,6	135,7	487	66	1 010	677	3 062	623	2 163
1958....	16,8	1,0	340,1	127,2	489	62	1 202	744	2 752	584	2 081
1959....	19,9	2,3	304,4	117,5	448	57	1 071	673	2 753	408	1 959
1960....	22,9	3,7	399,5	173,2	606	54	1 247	836	3 034	662	2 338

¹ Blandkorn og erter til mogning rekna med. ² Millionar f.e. Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, førbete og førmergkål, 12 kg førnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønfôr. Disse omrekningfaktorane er nytta for alle år, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen syner. I 1949 vart det rekna med om lag 850 mill. føreiningar frå beite. Ein reknar med at talet har minka til om lag 700 mill. i dei seinaste åra.

Det var i minste laget med nedbør i mai, men storparten av landet fekk rikeleg nedbør i juni. Det var skiftande temperatur og periodar med varmt, drivande ver. I slutten av juni fall temperaturen under det vanlege i Sør-Noreg. Over Austlandet og i Agder var det uvanleg vått og kaldt i juli, og det var mykje regn også utover hausten. Etter nokre godversbolkar i sep-

Tabell 10. Avlinga i jordbruket i 1960.

	Areal Dekar	Avling		Prosent av eit medelsår ¹	Kvalitet ²
		Kg pr. dekar	Tonn		
Kveite	91 441	251	22 942	98	3,0
Rug	14 483	255	3 694	95	2,7
Bygg	1 449 409	276	399 520	103	3,4
Havre	651 892	266	173 207	101	3,0
Blandkorn	20 747	277	5 750	104	3,2
Erter	1 813	226	409	96	3,0
Korn og erter i alt	2 229 785	272	605 521	102	—
Poteter	567 852	2 196	1 247 227	95	3,3
Førnepe	35 744	4 903	175 245	97	4,0
Kålrot	84 145	5 111	430 025	104	3,6
Førbete	16 119	5 327	85 871	98	4,2
Førmergkål	25 268	5 750	145 287	103	4,2
Grønfôr (tørt)	97 084	559	54 249	100	3,8
Høy frå eng på fulldyrka jord	4 317 289	634	2 738 356	105	3,5
Høy frå natureng og overflatedyrka jord	742 011	398	295 182	104	3,7
Halm	2 229 785	297	661 683	102	3,2
I alt 1 000 f.e.			2 337 861	103	

¹ Nemninga «medelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonen. Det er berre høyet som gjennom ei lengre årrekkje kjem opp i om lag 100 prosent av medelsårsavling. For åkervokstrane ligg medelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92, og for samla avling på 95 prosent.

² Kvalitetsgradering: 5 = sær god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = dårleg.

tember var det grått og kaldt i oktober og. Vestlandet fekk meir normal nedbør og hadde betre ver under innhaustinga i september og oktober. Nordafjells var sommaren 1960 varm og tørr, særleg lengst nord. Det var uvanleg godt ver under innhaustinga, men kulda kom tidleg i oktober månad.

Over heile landet var det gode vokstertilhøve på forsommaren, og avlingsvonen var lenge sær gode, men det dårlege bergingsveret austafjells sette ned både avlingsmengd og kvalitet.

Samla avling av korn og erter, poteter, rotvokstrar og stråfôr i 1960 vart utrekna til 2 338 mill. fôreiningar mot 1 959 mill. i 1959. Utbyttet av beita er ikkje rekna med. Avlinga i 1960 svarar til 103 prosent av eit medelsår, mot 87 prosent i 1959. Av di utrekninga i fôreiningar er gjord med faste omrekningstal, syner desse tala samla avlingsvolum rekna som dyrefôr. Det verkelege fôrverdet vil veksla med kvaliteten, og denne var dårlegare enn året før, særleg over Austlandet og i Agder, men betre enn i 1959 i Nord-Noreg og delar av Trøndelag.

Samla avling av korn og erter til mogning var vel 605 000 tonn i 1960 mot 448 000 tonn året før. Avlinga pr. dekar var 272 kg, utrekna til 102 prosent av eit medelsår, mot 205 kg og 76 prosent i 1959. Bygget gav 103 prosent av eit medelsår og ei samla avling på nær 400 000 tonn. Havren gav 101 prosent av eit medelsår og 173 000 tonn i alt. Kveiteavlinga gav 98 prosent av eit medelsår og var i alt 23 000 tonn. Avlingane skifta noko, men var etter måten store i alle landslutene. Kvaliteten var stort sett god i Trøndelag og på Vestlandet. På Austlandet var det mykje legde og sein mogning. Det meste av kornet hadde høgt vassinnhald, og kvaliteten var og elles sett ned.

Potetavlinga i 1960 var 1 247 000 tonn, mot 1 071 000 tonn året før. Avlinga pr. dekar var 2 196 kg, som svarar til 95 prosent av eit medelsår, mot 1 938 kg og 83 prosent i 1959. Potetene gav 97—107 prosent av eit medelsår på Austlandet og i Nord-Noreg og om lag 80—90 prosent elles i landet, med særleg låge avlingstal i Møre og Romsdal. Det var åtak av tørr-røt over det meste av landet, med skadeverknad særleg på Vestlandet og i Trøndelag. Sume stader var det og sterke åtak av andre potetsjukdomar.

Rotvokstrar og fôrmergkål gav ei samla avling på 836 000 tonn i 1960 mot 673 000 tonn året før. Særleg kålrot slo godt til i alle landsluter, og gav 104 prosent av eit medelsår. Fôrmergkål gav og over medelsårsavling, medan fôrnepe og fôrbete ikkje gav full medelsårsavling.

Samla høyavling var 3 034 000 tonn i 1960 mot 2 753 000 tonn året før. På fulldyrka jord var avlinga pr. dekar 634 kg, utrekna til 105 prosent av eit medelsår, mot 574 kg og 97 prosent i 1959. Det var jamt store avlingar i alle landslutene, men det var stor skilnad i kvalitet. Nord-Noreg hadde sær tidleg høyonn, god berging og god høykvalitet. Det var og god kvalitet i Trøndelag og på Vestlandet. Austafjells var det sein høyonn og dårleg bergingsver. Mykje høy sto lenge ute, og noko av avlinga vart heilt øydelagd. Det var godt med hå i 1960, med unntak i Troms og Finnmark, der det var for tørt.

Tabell 11 gjev eit oversyn over avlingane dei siste åra pr. dekar og i prosent av eit medelsår. Utvikling i dyrkingsteknikk har ført til større avlingar og auka krav til eit medelsår. Medelsårsavlinga ligg noko høgare enn gjennomsnittsavlinga for ei årrekkje, men gjev elles eit godt bilete av utviklinga, av di medelsåret er lite påverka av dei årlege skifte i vokstertilhøve og avlingsmengd.

Tabell 11. Avling pr. dekar.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland- korn	Pote- ter	Før- nepe	Kål- rot	Høy frå		F.e. pr. dekar hausta areal
									eng på dyrka jord	natur- eng ¹	
a.	Avling i kg pr. dekar.										
1955—59	216	226	233	215	224	2 032	4 397	4 220	555	343	248
1955	174	197	207	167	193	1 748	4 139	3 498	473	291	209
1956	269	270	274	275	288	2 395	4 237	4 683	563	343	271
1957	213	230	233	224	239	1 830	4 466	4 314	611	374	262
1958	211	221	234	225	231	2 249	4 375	4 623	554	340	254
1959	215	214	216	182	170	1 938	4 766	3 983	574	368	243
1960	251	255	276	266	277	2 196	4 903	5 111	634	398	288
b.	Avling i prosent av medelsår.										
1955—59	86	90	87	83	84	88	89	88	95	95	91
1955	73	83	80	67	71	77	84	74	81	83	79
1956	108	111	103	108	108	104	86	99	98	96	101
1957	85	95	87	86	88	80	90	91	106	104	96
1958	83	86	88	86	87	98	89	96	94	93	92
1959	81	81	79	70	65	83	94	79	97	98	87
1960	98	95	103	101	104	95	97	104	105	104	103
c.	Utrekna medelsårsavl i kg pr. dekar.										
1955	237	242	259	249	274	2 278	4 911	4 761	583	353	266
1956	248	250	267	253	267	2 303	4 918	4 720	575	357	269
1957	251	250	269	260	272	2 298	4 991	4 747	578	361	272
1958	252	255	267	261	267	2 295	4 936	4 825	591	366	275
1959	267	263	273	260	264	2 343	5 082	5 031	594	374	278
1960	257	267	268	263	267	2 305	5 033	4 934	602	382	280

¹ Seterlykkjer og utslåtter ikkje rekna med.

H a g e b r u k e t.

Frukttre og bærbuskar overvintra bra, men det var nokon skade på bringebær, jordbær, roser og ymse slag stauder. Det var rik blomstring på frukttræa og god kartsetjing for alle fruktslag, med unntak av plome. Grøn-sakene fekk god start om våren, men over Austlandet gav dei varmekrev-jande vokstrane dårleg avling.

Fruktavlinga i 1960 vart utrekna til 128 000 tonn og er den største fruktavling i landet til dessa. Det var særleg eple og pære som slo godt til, med 132 og 141 prosent av eit medelsår. Kirsebær gav 106 prosent, medan plomene berre gav 79 prosent av eit medelsår.

Avlinga av hagebær vart vel 30 000 tonn, om lag som året før. Solbær slo best til med 104 prosent av eit medelsår. Hagebæra elles gav nær medels-årsavling, med unntak av jordbær, som berre gav 60 prosent.

Hovedkulturane av grønsaker på friland gav ei samla avling på 113 000 tonn. Særleg gulrot slo godt til, med 119 prosent av eit medelsår. Kvittkålen gav og meir enn medelsårsavling, like eins purre, selleri og raudbete. Blom-kål, bønner, hageerter og matlauk gav noko under medelsårsavling, og agurk på friland gav berre 60 prosent.

Av kulturane under glas gav agurk 121 prosent av eit medelsår og tomat 92 prosent. Samla avling av desse slaga var 11 000 tonn, slik at samla avling av hovedkulturar av grønsaker var 124 000 tonn. Grønsaker i mindre

kulturar (reddik, salat, m. v.) og på små areal (kjøkenhagar m. v.) kjem i tillegg.

Frå 1960 vart utrekningsmåten for hagebruksvokstrane endra. Medelsårsavlinga pr. dyrkingseining vert no rekna ut på grunnlag av oppgåver over årsavlinga pr. eining i kg og i prosent av medelsår, på liknande måte som for jordbruksvokstrane. For frukt og bær og sume grønsakslag synte utrekninga i 1960 noko høgre medelsårsavlingar enn dei som var fastsette etter skjøn for åra 1950—1959. For sume grønsakslag, mellom anna kål, var medelsårsavlinga lægre i 1960 enn før. Frå 1960 vert kålavlinga rekna ut særskilt for dei ymse kåslag.

Tabell 12 gjev eit oversyn over hagebruksavlingane dei siste åra, og tabell 13 gjev meir detaljerte oppgåver for 1960. Tabell VII bak i boka gjev fylkestal for 1960. Tabell 14 syner medelsårsavling pr. dyrkingseining frå 1933 til 1960.

Tabell 12. Avlinga i hagebruket. Tonn.

År	Frukt	Hagebær	Grønsaker ¹
1950	87 086	26 269	105 822
1951	62 581	24 266	93 167
1952	69 138	25 008	98 914
1953	46 691	26 578	148 819
1954	95 581	27 766	105 686
1955	67 428	22 496	109 825
1956	94 913	28 381	144 644
1957	64 711	29 940	134 015
1958	96 040	27 832	127 469
1959	98 121	28 984	120 424
1960	128 396	30 838	124 243

¹ Hovudkulturar på friland og under glas.

Tabell 13. Avlinga i hagebruket i 1960.

	Talet på einingar	Avling		Prosent av eit medelsår
		Kg. pr. eining	Tonn	
Sommareple ¹	720 000 tre	24,9	17 901	116
Vintereple	2 549 000 »	28,9	73 642	130
Eple i alt	3 269 000 tre	28,0	91 543	127
Pærer	468 000 »	33,2	15 541	141
Plomer	1 062 000 »	14,2	15 098	79
Kirsebær og morellar	393 000 »	15,8	6 214	106
Frukt i alt	5 192 000 tre	24,7	128 396	119
Rips	1 824 000 buskar	6,3	11 482	97
Stikkelsbær	1 160 000 »	4,9	5 649	99
Solbær	2 242 000 »	3,8	8 578	104
	5 226 000 buskar			
Jordbær	8 165 dekar	354	2 893	60
Bringebær	4 356 »	513	2 236	94
Hagebær i alt			30 838	93
Blomkål	5 400 dekar	1 192	6 441	97
Sommar- og haustkål	4 667 »	2 463	11 495	103
Vinterkvitkål	9 913 »	3 759	37 256	102
Annan kål	841 »	870	732	97
Kål i alt	20 821 »	2 686	55 924	102
Gulrot	13 272 »	3 380	44 863	119
Bønner	837 »	642	538	86
Hageerter	160 »	585	93	98
Hageerter, konserver	5 022 »	330	1 658	89
Purre	922 »	2 313	2 132	103
Selleri	592 »	1 498	886	102
Raubeter	811 »	1 890	1 532	104
Matlauk	1 933 »	2 207	4 267	94
Rabarbra	265 »	3 741	993	101
Agurkar på friland	1 547 »	315	486	60
Tomatar på friland	56 »	604	34	60
Sum grønsaker på friland	46 238 dekar	2 453	113 406	107
Agurkar under glas	166 000 m ²	18,7	3 090	121
Tomatar under glas	689 000 »	11,2	7 747	98
Sum grønsaker under glas	855 000 m ²	12,7	10 837	104
Grønsaker i alt ²			124 243	

¹ Hausteple, som før 1959 vart tekne med under «sommar- og hausteple», er frå 1959 rekna som tidlege vintereple. ² Grønsaker i småkulturar og kjøkenhagar er ikkje rekna med.

Tabell 14. Medelsårsavling i kg. pr. dyrkingseining.
Utrekna gjennomsnitt for heile landet.

	Eining	1933	1938	1949	1950 —1959 ¹	1960
Sommareple	Tre	² 15,3	² 20,0	21,4
Vintereple	»	15,5	20,0	22,3
Eple i alt	»	12,7	14,6	15,4	20,0	22,1
Pærer	»	11,7	14,2	15,1	22,0	23,6
Plomer	»	10,8	12,9	14,2	16,0	18,1
Kirsebær, søt-, sur-	»	8,6	10,0	10,0	12,0	14,9
Rips	Busk	4,2	4,5	5,0	6,0	6,5
Stikkelsbær	»	2,4	2,7	2,7	4,0	4,9
Solbær	»	1,5	2,0	3,1	3,0	3,7
Jordbær	Dekar	407,0	429,0	485,0	500,0	593,0
Bringebær	»	317,0	440,0	457,0	450,0	548,0
Blomkål	»	1 226,0
Sommar- og haustkål	»	2 381,0
Vinterkål	»	3 677,0
Annan kål	»	899,0
Kål i alt	»	2 962,0	2 937,0	3 125,0	3 200,0	2 639,0
Gulrot	»	2 364,0	2 287,0	2 539,0	2 800,0	2 832,0
Bønner	»	584,0	473,0	632,0	650,0	750,0
Hageerter	»	752,0	548,0	621,0	650,0	597,0
Hageerter, konserves	»	³ 368,0
Purre	»	1 995,0	1 922,0	2 092,0	2 500,0	2 236,0
Selleri	»	1 444,0	1 182,0	1 419,0	1 500,0	1 473,0
Persillerot	»	1 188,0	1 029,0	1 118,0	1 200,0	—
Raubbeter	»	2 319,0	2 194,0	1 818,0
Neper	»	2 000,0	1 865,0
Matlauk	»	2 000,0	2 341,0
Rabarbra	»	3 972,0	3 840,0	3 689,0	4 000,0	3 721,0
Agurkar på friland	»	493,0	364,0	436,0	500,0	522,0
Tomatar på friland	»	753,0	852,0	985,0	1 000,0	1 000,0
Andre grønnsaker på friland	»	495,0	486,0
Agurkar under glas	m ²	9,0	12,2	12,4	15,0	15,3
Tomatar under glas	»	12,0	9,6	9,9	12,0	11,5

¹ Fastsett for perioden. ² Sommar- og hausteple. ³ Treskt avling.

Husdyrhaldet

Talet på husdyr.

Tabell 15 gjev eit oversyn over husdyrhaldet frå 1949 til 1960, og tabell 16 syner meir detaljerte oppgåver for 1960 i høve til året før. Tabell 17 har fylkestal for endringa frå 1959 til 1960, og tabell IV bak i boka viser husdyrhaldet i fylka i 1960.

Talet på hest gjekk siste året ned med vel 8 000 eller 7 prosent. Nedgangen for hestar inntil 16 år held ved, og den vil halda ved nokre år til, av di det er lite oppal og etter måten mykje hest i alderen 10—16 år.

Talet på storfe i alt auka med om lag 2 prosent. Det var ein liten auke i talet på kyr, medan talet på ungdyr og oksar auka noko meir. Det var framleis nedgang i kutalet på Austlandet og i Agder, men nokon auke i dei andre landslutene.

Sauelhaldet auka siste året med om lag 2 prosent. Auken var størst på Vestlandet og i Nord-Noreg. Talet på geiter var om lag det same som i 1960.

Svinehaldet pr. 20. juni 1960 var 3,6 prosent større enn på same tid året før. Det var auke både for slaktesvin og for alesvin. Auken var størst i Trøndelag og på Vestlandet.

Talet på vaksne høner auka siste året med vel 3 prosent. Det var auke på Austlandet og i Agder, men elles i landet var det nokon nedgang. Teljinga syntte sterk nedgang i talet på kjuklingar pr. 20. juni.

Tabell 15. Talet på husdyr 1949—1960.

	Hestar	Storfe		Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
		i alt	Kyr				
1949	198 266	1 224 133	769 251	1 735 623	146 594	418 840	3 710 906
1950	190 514	1 236 600	766 268	1 811 748	130 045	422 156	3 911 996
1951	183 828	1 230 532	754 591	1 928 948	118 828	386 120	3 320 489
1952	175 356	1 151 830	711 447	1 986 726	115 417	418 435	3 197 045
1953	167 748	1 150 035	696 536	1 985 284	119 092	379 035	3 384 750
1954	158 676	1 180 894	679 326	1 952 016	122 693	405 804	3 562 480
1955	150 342	1 171 280	658 154	1 921 897	115 557	464 004	3 482 101
1956	142 247	1 111 812	639 639	1 825 908	110 378	506 597	3 954 212
1957	133 015	1 103 218	629 817	1 820 865	109 918	459 270	3 837 475
1958 ¹	125 782	1 116 211	622 178	1 809 544	106 014	423 032	3 476 616
1959 ²	116 815	1 104 482	597 476	1 806 036	100 894	475 063	3 039 164
1960 ²	108 551	1 128 688	603 240	1 842 086	101 384	492 232	³ 3 108 408

¹ Inntil 1958: Bygdene, med Aker og Jøløy. ² Bygder og byar. ³ Høner.

Tabell 16. Husdyrhaldet i 1960 samanlikna med 1959.

	Husdyrhaldet 20. juni		Endring 1959—1960	
	1959	1960	I tal	I prosent
Hestar:				
Under 1 år (føl)	2 957	2 670	— 287	— 9,7
1 og 2 år	3 784	4 264	+ 480	+ 12,7
3 og 4 år	4 099	65 637	— 7 707	— 10,5
5—16 år	69 245			
17 år og meir	36 730	35 980	— 750	— 2,0
I alt	116 815	108 551	— 8 264	— 7,1
Storfe:				
Spekalvar (under 1 mnd.)	20 571	24 706	+ 4 135	+ 20,1
Kalvar (1 mnd.—1 år)	303 197	309 883	+ 6 686	+ 2,2
Oksar { 1—2 år	43 018	46 924	+ 3 906	+ 9,1
{ over 2 år	3 330	4 996	+ 1 666	+ 50,0
Kviger (ikkje hatt kalv)	136 890	138 939	+ 2 049	+ 1,5
Kyr (hatt kalv)	597 476	603 240	+ 5 764	+ 1,0
I alt	1 104 482	1 128 688	+ 24 206	+ 2,2
Sauer:				
Under 1 år (lam)	945 227	966 932	+ 21 705	+ 2,3
Over 1 år	860 809	875 154	+ 14 345	+ 1,7
I alt	1 806 036	1 842 086	+ 36 050	+ 2,0
Geiter:				
Under 1 år (kje)	25 162	24 976	— 186	— 0,7
Over 1 år	75 732	76 408	+ 676	+ 1,0
I alt	100 894	101 384	+ 490	+ 0,5
Svin:				
Under 6 mndr.	393 122	400 768	+ 7 646	+ 1,9
Over { slaktesvin	19 253	21 757	+ 2 504	+ 13,0
6 { alsrånar	2 653	3 074	+ 421	+ 15,9
mndr. { alspurker	60 035	66 633	+ 6 598	+ 11,0
I alt	475 063	492 232	+ 17 169	+ 3,6
Vaksne honer	3 010 537	3 108 408	+ 97 871	+ 3,3
Hønekyllingar	2 272 613	1 760 521	—512 092	— 22,5

Tabell 17. Husdyrhaldet i 1960. Relative tal 1959 = 100.

	Hestar	Storfe	Mjølke- kyr	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høner
Østfold	93,2	97,3	97,1	77,1	..	108,9	107,2
Akershus og Oslo	90,0	95,9	96,5	94,4	100,0	99,1	105,7
Hedmark	90,8	98,1	96,7	100,8	108,9	94,3	106,8
Oppland	93,2	97,1	97,4	96,1	91,2	97,2	98,5
Buskerud	93,2	94,0	94,4	95,3	84,6	99,5	106,1
Vestfold	93,7	94,3	95,0	90,1	..	96,4	119,8
Telemark	92,0	94,3	95,0	98,5	97,1	94,5	99,1
Aust-Agder	95,9	97,5	97,0	96,8	100,0	105,4	102,8
Vest-Agder	91,4	101,3	98,2	103,6	100,0	117,7	114,6
Rogaland	96,0	107,3	104,8	104,0	113,3	112,5	100,1
Hordaland og Bergen .	96,2	106,4	103,9	102,0	98,3	106,8	106,4
Sogn og Fjordane.....	95,3	104,7	102,5	103,7	101,6	97,6	88,3
Møre og Romsdal	91,2	106,1	103,7	101,2	107,3	110,2	97,1
Sør-Trøndelag	93,9	105,0	102,9	101,7	111,0	116,1	104,6
Nord-Trøndelag	91,9	106,5	104,4	100,4	92,0	116,1	96,0
Nordland	89,4	105,3	104,6	103,5	98,6	88,1	98,4
Troms	90,9	103,0	103,6	106,0	104,5	77,3	92,5
Finmark	91,5	107,6	111,6	104,6	64,1	106,9	133,5
I alt	92,9	102,2	101,0	102,0	100,5	103,6	103,3

Frå 1953 har det vori årleg husdyrteljing ved årsskiftet og. Desse teljingane femnar 2 prosent av bruk med over 5 dekar jordbruksareal.

Tabell 18 syner buskapen ved årsskiftet i høve til buskapen om sommaren.

Tabell 19 gjev eit oversyn over utrekna dyretal 20. juni og 31. desember dei siste åra.

Tabell 18. Vinterbuskap i prosent av sommarbuskap.

	Hestar	Storfe		Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
		i alt	Kyr				
31/12 1953	95,9	96,9	98,6	53,4	84,1	81,2	120,4
31/12 1954	97,1	97,0	97,9	54,0	78,2	96,4	121,3
31/12 1955	95,9	91,1	97,0	50,3	72,5	88,3	128,7
31/12 1956	96,9	95,3	98,8	52,5	81,7	83,0	115,5
31/12 1957	96,1	96,7	99,2	53,5	80,8	86,7	110,3
31/12 1958	95,7	95,0	97,4	52,7	78,8	85,3	112,8
31/12 1959	94,4	97,4	98,7	52,0	86,8	93,5	118,9
31/12 1960	93,1	98,7	98,4	52,4	81,8	93,3	113,2

Tabell 19. Sommar- og vinterbuskap 1956—1960. 1 000 stk.

	1956		1957		1958		1959		1960	
	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.
Hestar i alt	142	138	133	128	126	120	117	110	109	101
Storfe:										
Under 1 år . . .	277	240	285	258	296	260	324	307	335	328
Oksar over 1 år	55	51	50	48	54	51	46	44	52	55
Kviger	140	137	138	137	144	143	137	135	139	138
Kyr	640	632	630	625	622	606	597	590	603	593
I alt storfe	1 112	1 060	1 103	1 068	1 116	1 060	1 104	1 076	1 129	1 114
Sauer og lam	1 826	958	1 821	974	1 810	954	1 806	939	1 842	966
Geiter og kje . . .	110	90	110	89	106	84	101	88	101	83
Svin:										
Under 4 mnldr.	283	218	257	236	229	198	} 1412	} 1376	} 1422	} 1395
Slaktesvin	158	140	142	102	137	103				
over 4 mnldr.	66	62	60	61	57	60	263	268	270	264
Alesvin										
over 4 mnldr.										
I alt svin	507	420	459	399	423	361	475	444	492	459
Vaksne høns ³ . .	3 954	4 569	3 837	4 232	3 477	3 922	3 011	3 580	3 108	3 518

¹ I alt under 6 mnldr. og slaktesvin over 6 mnldr. ² Alesvin over 6 mnldr. ³ Høner frå 1959.

Tabell 20 gjev eit oversyn over talet på pelsdyr etter tidlegare teljingar og overslag. Desse tala kan ikkje jamførast med oppgåvene frå jordbruks-teljingane.

Tabell 20. Talet på pelsdyr.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
1949	124 000	88 000	10 000	85 000
1950	130 000	73 000	6 500	87 000
1951	129 000	85 000	4 900	145 000
1952	102 000	65 000	3 000	210 000
1953	56 000	38 000	3 000	270 000
1954	29 000	50 000	1 400	360 000
1955	24 000	80 000	1 000	500 000
1956	14 000	51 000	600	715 000
1957	5 500	38 000	350	780 000
1958	3 500	52 000	150	800 000
1959	3 300	80 000	125	950 000
